

PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 26.03.20



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Ei positiv prøve mottatt i dag, 26. mars

Volda kommune har fått svar på ei positiv prøve. Smitta kom frå utlandet. Det er god kontroll på smitteoppsporinga på denne.

Det blei tatt 12 nye prøver i går som det ikkje har kome svar på.

Smitta er i lokalmiljøet. Det er til no fire som har testa positivt i Volda. Smitta er i lokalmiljøet, og den enkelte må ta situasjonen alvorleg. Det er ein uoversiktleg situasjon på landsbasis da viruset er svært smittsamt, og at mange kan ha det utan å kjenne særlege symptom.

Hald avstand og vask hender. Følg dei grunnleggjande råda for å unngå å verte smitta sjølv og unngå å smitte andre: unngå reising og hald deg mest mogleg i ro, hald fysisk avstand til andre og vask hendene ofte. Ver særleg merksam på at det kan vere smitte på kontaktflater som mange tek på når du er i butikken eller fyller drivstoff. Det er viktig at butikkane, bensinstasjonane og liknande informerer godt og legg til rette for at folk kan skjerme seg og sprite hendene. Det vil vere uansvarleg dersom ein berre går inn i butikken utan å halde avstand til andre og følgje råda til personleg hygiene.

Hjelp til å handle. De som er sjuke, er i karantene eller er i risikograppa kan ta kontakt med frivilligsentralen som kan organisere hjelp å handle dersom de ikkje har andre som kan gjere dette for dykk – ta kontakt på telefonnummer 917 25 639 (Volda) og 415 12 813 (Hornindal). Hugs god handhygiene og fysisk avstand til kvarandre.

Legetenesta. Volda kommune er framleis takksam for at du viser omsyn og ikkje tek kontakt med legetenesta om ting som kan vente. Dersom heim har helseutfordringar og treng legetilsyn skal det vere trygt å kome til legesentera. Ein kan avtale legetime for nødvendig helsehjelp. Legekontoret er todelt der det er oppretta eige legekontor for pasientar med luftvegsjukdomar ved helsestasjonslokalet på Øyra skule. Volda og Ørsta sitt legevaktsamarbeid på kveld og helg er styrka, slik at det er to legar på vakt.

Situasjonen i næringslivet er alvorleg. Regjeringa har allereie kome opp med nokre tiltak, men det må vesentleg meir til for å unngå konkursar og arbeidsløyse stor konsekvensar for familiar og samfunnet. Dei lokale bedriftene vert oppmoda til å definere sine behov og kontakte Volda Næringsforum, Sunnmøre Kulturnæringshage eller Volda kommune dersom det er noko som kan gjerast lokalt eller bringast opp til

nasjonale myndigheiter. Den politiske leiinga gjennomfører også ei ringjerunde til bedriftene.

Ta vare på kvarandre. Det er viktig at familiar står saman og ivaretek kvarandre gjennom kriseperioden. Vidare er det viktig at ein tenkjer på andre som kan ha behov for hjelp. Ta gjerne ein ekstra telefonsamtale til nokon som treng det. Det er viktig å tenkje på at krisesituasjonen er mellombels, og at vi skal attende til normal situasjon.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje kommunen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvardagar – og betjent av helsepersonell. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Vi gjentek at auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett, og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.